



Eit steg på vegen mot røysterett for kvinner

Johs. G. Torstveit

I mest alle samfunn er sjølvstende, også for kvinner, nær knytt til økonomi og kunnskap. Røysterett er samfunnets godkjenning av individets sjølvstende. Bankkrakket på slutten av 1886 førde arendalsområdet inn i ei økonomisk og sosial krise. Vi skal i det følgjande sjå korleis krisa gjorde kvinner meir synlege og aktive enn før, og korleis eit nytt syn på røysterett for kvinner kunne få eit gjennombrot i dette miljøet. Men før vi går inn på dei dramatiske åra 1886-87, må vi ta eit blikk på Arendal og Arendalsregionen for å få eit inntrykk av økonomi og sosiale forhold.

Seglskutebyen Arendal.
Frå Fürsts album, AAKs

Økonomi

Arendal hadde sidan 1849 vore den største skipsfartsbyen i landet. Dei mange krigane og generell økonomisk vekst mellom 1850 og 1875 skapte stor etterspurnad etter frakttonnasje. I Arendal vaks skipsflåten til det firedoble i denne bolken. Fraktene førde stor rikdom til byen, og Arendal var fram til 1886 den suverent rikaste byen i landet. Toppen kom rundt 1875. På den tida var gjennomsnittleg inntenkt og formue pr innbyggjar i Arendal rundt det doble av det ein kunne finne i den nest rikaste byen i landet. I tonnasje var arendalsflåten større enn den samla danske handelsflåten.

Skipsreiarar og handelsborgarar eigde ca. 75 % av kapitalen som var investert i skip. Men både kapital i skip og annan kapital var svært skeivt fordelt. Skattelista for 1886 syner at 32 personar hadde over 100 000 kroner i formue. Ut frå dei arbeidslønene som var vanlege då, kan ein sette tilsvarende formue i dag til ca. 60 millionar kroner.

Kvinner var med som skipsreiarar og kapitaleigarar. Kvinner, definererte i samtida som "enker og frøgener", eigde og forvalta dels store formuer. Ei av dei var Ingeborg Madselie Speilberg. I 1886 hadde ho formue på 275 000 kroner. I dei vanskelege åra 1886-88 klarte ho det kunststykket å auke formua si til 300 000 kroner i 1888. Ei anna kvin-

Ingeborg Madselie Speilberg 1819-1899. Frå Arendal Rådhus Portrettsamling, AAKs





Sjølvtendige kvinner tok sin plass i
forretningslivet.
Annonse i Agderposten 21. mai 1887
Annonse i Den vestlandske Tidende 5.
januar 1887
Annonse i Den vestlandske Tidende
28. oktober 1887

Modeforretning.
Pyntede Hætte for Voxne og Børn
til billigste Priser hos
Anna K. Olsen.

Guttehatte og Huer
billigst hos
Anna K. Olsen.

Modehandlerinde Kirstine Olsens
Konkursboes Varebeholdning
realiseres fra Butikken i Hr. P. Wøllners Gaard, Toldbodgaden, til ualmindelig
billige Priser, færdig Modepynt, som Hætte, Hættier, Huer samt Floiel, Atlass,
Blomster, Fjær, Baand, Blonder, Thyl, søgte Børste, Slør, Former, krusede
Strimler, Snører m. m. Butikken holdes aaben hele Dagen. Bestillinger mod-
tages og udføres hurtig, billigt og smukt.
Arendal 17de November 1886.

Musik-Nyheder.
Hypatia Vals . . . Kr. 1.00.
Thine alone Vals . . . " 1.00.
Eilenbergs Gavotte . . . " 1.00.
Disse Salondanse ere meget iørefaldende
og lette.
Mit Musikleiebibliothet anbefales til
meget lave Priser. Alle Nyheder fore-
findes. Alleslags Instrumenter, Streng-
e, samt Musikrequisita og Nodepapir.
Anna Michelsens Musikhandel.

ne, “ enkefru Ugland”, sat med ei formue på 165 000 kroner i 1886. Ho kom gjennom kriseåra utan tap, men også utan auke i formue. Desse to kvinnene kan stå som døme på gode kapitalforvaltarar i år med store tap for dei fleste andre kapitaleigarar i byen. Gjennom sine kloke disposisjonar tvang dei seg til respekt frå alle lag i lokalsamfunnet. Dei var i si samtid lysande døme på at kvinner kunne forvalte verdiar like fornuftig som menn.

Sosial struktur i Arendal

Arendal var i tillegg til å vere skipsfartsby også ein regional handelsby. I 1885 hadde byen ikkje mindre enn 370 handelsborgarar. 84 kvinner er rubriserte som sjølvtendig næringsdrivande. Mangfaldet i denne gruppa var stort. Dei fleste var sysselsette i småhandel og losji. Dei nytta sine nisjer. Mellom anna dreiv ei kvinne eigen motebutikk.

Handtverkarar var ei anna stor yrkesgruppe. Dei var ved folketeljinga 322 personar. Noen av dei var kvinner, og vi ser at 64 kvinner var i kategorien “bestyrere – arbeidsformenn”. Her også var mangfaldet stort. Ei vesentleg gruppe var kvinner som produserte klede av ymse slag.

Men den største yrkesgruppa i byen var, som ein kunne vente, sjøfolka. I sum var dei 799 personar i 1885. Vi har ingen eksakte tal, men ut frå sjøfolketeljinga i 1875, kan vi gå ut frå at ca halvparten var skipsoffiserar og at kapteinane var den største gruppa av skipsoffiserane.

Kvinnene var så å seie heilt borte frå arbeid på skip. Sjøfolketeljinga for 1875 fortel om fem unge kapteinsfruer om bord på arendalsskip, dessutan eit par kokker og tre “opvartningspiger” på lokale dampskip i kystfart.

Den nest største yrkeskategorien var tenarane. Tenargruppa var på 670 personar i 1885. Ikkje mindre enn 590 av tenarane var kvinner. Dei kvinnelege tenarane utgjorde botnskiktet i sysselsettingspyramiden. I gjennomsnitt tente dei 24 øre pr arbeidsdag. Menn som tenarar, tente i gjennomsnitt 1,50 kr dagen. Kvinnelege tenarar hadde uslare levekår enn andre yrkesgrupper. Når kvinner fann seg i slike levekår, var det først og fremst fordi dei var stengde ute frå dei fleste yrke.



Kunne ein vente opprør og krav om sjølvstende frå denne arbeidsgruppa? Nei. Dei kvinnelege tenarane hadde i hovudsak nok med å stri seg gjennom ein lang og tung arbeidsdag. Dei stod dessutan under streng kontroll frå husfolket. Deira kontakt med andre i same situasjon var oftast tilfeldig. Vi veit at opprør og krav om sjølvstende sjeldan kjem frå det nederste sjiktet av dei sysselsette i arbeidslivet. Slik var situasjonen også i Arendal.

Fråhald og kristne lag

Arendal var ein by med stor kontaktflate mot utlandet. Påverknaden frå Storbritannia og USA er lett å sjå i dei frivillige organisasjonane. Fråhaldsrørsla stod svært sterkt i området. Fråhaldsfolket hadde til og med sin eigen sparebank. Arendalsområdet hadde i 1886 ikkje mindre enn 12 ulike fråhaldslag. Noen av fråhaldslaga var opne for kvinner. Fleire av fråhaldslaga fungerte som politiske pustehol for dei mange som framleis var utan røysterett. Vi ser at fråhaldslag tok opp politiske stridstema som hadde fint lite med fråhaldssak å gjere. På den måten fungerte noen fråhaldslag som arenaer for politiske meningsutvekslingar og idear som kvinner kunne bruke.

Foto av skipsmannskap på barken Tancred. Kaptein Ludvig Alfred Bjørløw 1853-1909 hadde kona Cathrine Marie Christensen 1866-1924 med om bord.

Arbeidsplassane unge kvinner fekk tilbod om.

Annonse i Agderposten 19. januar 1887

Annonse i Den vestlandske Tidende 16. juni 1886

Støllepigetjeneste
ledig fra Vaaren, Løn 100 Kroner, hos
Lundgren.

Enepiger, som kan Madlavning, til Vædre og Røgitter, mange flinke Enepiger kan saa Vædre i Byens største Huse med høi Løn ved at melde sig paa Hæstefontoret.
Raren Bruun.
Enepigerkondition er ledig til Michæli. Exp. anviser.



Ein av dei mange kvinneforeiningane i distriktet.



Kristne lag og foreiningar fanst av mange slag i området. I denne samanhengen er det rett å peike på dei mange kvinneforeiningane. Kvinneforeiningane var kvinnes domene. Gjennom desse foreiningane fekk mange kvinner opplæring i demokratisk styring og skolering i organisasjonskultur. Ein del av kvinneforeiningane sat i 1886 med eigen bankkonto i Arendals Sparebank. Kvinnene hadde sjølvstendig styring med pengane til foreiningane.

Unge Axel Herlofson i London



Krakket i 1886

Hovudpersonen bak krakket i 1886 var direktør og banksjef i Arendals Privatbank, Axel Herlofson. Axel Herlofson auka formua si frå 0 specidaler i 1869 til 765 000 kroner i 1886. Realitetane var annleis. 2. oktober 1886, den dagen han kom under arrest, hadde han og broren, Oscar, ei gjeld på 12 500 000 kroner. (Axel hadde mellom anna tatt opp store lån i namnet til broren.) Dimensjonane på gjelda skjønar ein kan hende betre ved følgjande: I 1886 var samla formue i Christiansand by sett lågare enn gjelda til dei to Herlofsonbrørne. Eller for å samanlikne i Arendal. For 12 500 000 kroner kunne ein ha bygd 43 kyrkjer tilsvarende Trefoldighetskirken som var ferdig i 1888.

Bankkrakket førde til konkursras og at arbeidsplassar stansa. I dei tre månadene som var att av 1886, kom 82 konkursar i Nedenes Amt. Konkursaset heldt fram 1887 og 55 bu måtte under hammaren då. Bare i arendalsområdet miste mellom 1000 og 1500 personar arbeidet sitt i 1886. Svært mange av dei som miste arbeidet, var menn med familie.





Strømsbo samtalelag

Som troll av øskje spratt eit nytt fråhaldslag opp få dagar etter arrestasjonen av Axel Herlofson, og etter at dei første verksemdene måtte stanse. Strømsbo Samtalelag kalla 6. oktober inn til møte den 9. oktober 1886. Temaet for møtet var klart politisk: “– hvad der kan udrettes for at forbedre Arbejdernes Stilling.” Bakgrunnen var dei mange arbeidsplassane som nå var ramma av konkursar og stansing av drifta. I følgje avisreferat møtte rundt 60 personar, og møtet vedtok eit “Opraab” med to punkt. Barbo kommune og private måtte få i gong tiltak for å lindre naud.

Leiarane for samtalelaget må ha kjent vinden i ryggen. Alt 15. oktober var der nytt møte i losjehuset på Ormetjern. Ca 70 møtte. Temaet for dette møtet var kva for tiltak som kunne settast i verk for dei som nå var ramma av stengt arbeidsplass og tap av levebrød. Møtedeltakarane vedtok at styresmaktene skulle gjerast kjende med nauda. Og ein skulle stille krav. To krav skulle fram: For det første: Konene/ familiane til sjøfolk i fart på konkursramma skip, skulle framleis få trekke av hyra til sjøfolka på vanlege vilkår.

Dei som stod bak kravet var dei mange sjømannskonene i arendalsområdet. Vi kan trygt rekne med om lag 700 sjømannskoner. Ein stor del av dei var kapteinsfruer, for av sjøfolka var det flest kapteinar som var gifte. Mange av desse konene var ramma av vedtak om å stanse all betaling til skipsmannskap som framleis var i fart.

Kapteinane var den yrkeskategorien på skipet som tente suverent mest. Medan ein matros i 1886 i gjennomsnitt tente 440 kroner i året



Kvinner var aktive i fråhalsrørsla.
Annonse i Agderposten 15. januar 1887



Losjehuset «Stigholdts Minde» ved Ormetjern





Karl Fostvedt, mannen som målbar røysterett for kvinner

Aktive kvinner gjorde ein stor innsats for dei arbeidslause. Annonse i Den vestlandske Tidende 23. januar 1887

Bazar
til

Indtægt for trængende Arbeidsløse.

Da Trængen for mange Familier sand-
synligvis vil blive meget selbar i de fore-
staende 2 a 3 Maaned, har man for at
faa Midler til Understøttelse tænkt sig at
aae istand en Bazar, til hvilken allerede enkelte
Kvæder ere indkomne. Bazar'en aabes afholdt i
den første Halvdel af Februar; Tiden og
Stedet vil blive nærmere bekendtgjort.

Kvæder modtoges med Taknemmelighed af
Undertegnede.

Bergitte Petersen-Jøse, <i>Kvæder.</i>	Gunhelle Olsen, <i>Kvædergaardens.</i>
Maren Johannessen, <i>Kvædergaardens.</i>	Efter Nær. <i>Belien.</i>
Johanne Buseth, <i>Belien.</i>	Therese Selgesen, <i>Belien.</i>
Gesina Brønlund, <i>Belien.</i>	Isorentine Commundsen, <i>Belien.</i>
Maren Nesfel, <i>Belien.</i>	Sirthe Hartvigsen, <i>Belien.</i>
Therese Nielsen, <i>Belien.</i>	Emilie Barth, <i>Belien.</i>
Marianne Blich, <i>Belien.</i>	Gustava Dahl, <i>Belien.</i>
Emilie Gjelger, <i>Belien.</i>	Marie Gregersen, <i>Belien.</i>
Selma Gjelger, <i>Belien.</i>	Adolfine Stein, <i>Belien.</i>
Olga Jacobsen, <i>Belien.</i>	Marie Røder, <i>Belien.</i>
Wilhelmine Kallvig, <i>Belien.</i>	Anna Larsen, <i>Belien.</i>
Kamilla Hjeltn, <i>Belien.</i>	Jenny Bagle, <i>Belien.</i>
Marie Henningsen, <i>Belien.</i>	
Hjerlun, <i>Belien.</i>	P. Randsen, <i>Belien.</i>
Simonsen, <i>Belien.</i>	C. Randsen, <i>Belien.</i>
Træng, <i>Belien.</i>	Rør, <i>Belien.</i>
Randsen, <i>Belien.</i>	Randsen, <i>Belien.</i>

pluss frikost, tente kapteinane ein stad mellom 2500 kroner og 4400 kroner. I tillegg kom “kaplaken”, ein bonus som vanlegvis var 5 prosent av bruttofrakta. All den tid fraktene varierte mye, varierte denne delen av inntekta tilsvarande. I hovudsak hadde kapteinane ein økonomi som best kan samanliknast med embetsmannssjiktet. Til dømes hadde den best betalte arendalskapteinen i 1886 ei inntekt på 7000 kroner. Sjølvaste amtmannen måtte nøye seg med ei inntekt på 6400 kroner.

Kapteinane var vanlegvis i fart sju månader i året eller dei var i heilårsfart. I 1886 var langt dei fleste i heilårsfart. Kapteinskonene var difor ei gruppe med svært god økonomi. Som andre sjømannskonene måtte dei vere ansvarlege både for økonomi og familie. Sjømannskonene var vane med å ha ansvar og vere sjølvstendige. Konene til kapteinane hadde økonomi til aviser og litteratur. Dei hadde frå før sjølvstendige meiningar, og aviser og litteratur gav dei nye idear. I sitt heimemiljø og i allment omdømme hadde dei ei høg stjerne.

Det var i første rekke denne gruppa bustyra hadde trakka på tærne ved å nekte å betale ut trekk av hyra. Noen visste å fremje si sak på rett stad og til rett tid. Kvinnene fekk gjennomslag for saka si den 15. oktober. Samtalelaget gjekk med på å fremje kravet frå sjømannskonene.

Det andre kravet samtalelaget vedtok, var krav om offentlig sysselsetting. Møtet vedtok at medlemmer av Samhold og sympatisørar skulle “ i Masse” dagen etter, den 16. oktober, gå til amtmannen og byfogden og legge fram krava.

Den 16. oktober møtte ca. 150 personar opp for å gå i demonstrasjonstog til amtmann og byfogd. Noen av dei var sjømannskonene. På ferda gjennom byen slutta stadig fleire seg til, og utanfor rådhuset samla det seg ca. 600 “ foruden en Del Sømmandskonene”.

Stemninga i byen var spent. Butikkane hadde stengt, og borgarane heldt seg inne. Byfogden fekk besøk først. Han kjende nok på den spente stemninga. Han gav etter for kravet frå sjømannskonene. Så langt det var opp til han, ville han gå inn for at sjømannskonene skulle få trekke av hyra til mannen - utan avbrot – til mannen var heime.

Sjømannskonene fekk med dette fullt gjennomslag, medan kravet om sysselsettingstiltak fekk langt meir svevande svar frå byfogd og amtmann.

At Strømsbo Samtalelag med stor suksess hadde bore fram kravet frå sjømannskonene, reduserte ikkje tilslutnaden frå den kanten!

Samhold

Tidene var harske, og mye var i endring. Mindre enn ein månad etter Strømsbo Samtalelag stod fram som fråhaldslag, gjekk laget over til å vere ein politisk organisasjon. 29. oktober vedtok medlemmer i laget at laget nå skulle stå fram som “ Arbeiderforeningen Samhold” med Karl

Fostvedt som leiar. Som ein kunne vente: Frå første dag var Samhold open for at kvinnene kunne få medlemskap. Menn og kvinner skulle slik sett stå likt. Kvinner slutta opp om Samhold og møtte opp på møta, “temmelig talrigt” noen gonger. Samhold hadde bruk for kvinnene. I eit foredrag heitte det at kvinnene skulle vere med “– efter Ævne at forbedre de fortryktes Kaar”.

I desember 1886 kom ei ny stor konkursbølje. Nauda velta inn over nye grupper. Samhold var ved nyttår blitt ein organisasjon med 1200 medlemmer fordelt på tre lag, eit på Strømsbu, eit på Hisøy og eit i Øyestad.

Folk flest skjøna etter kvart at dei to største bankane i byen hadde vore styrt uforsvarleg, Arendal Privatbank sær s uforsvarleg. Fallet til desse bankane førde til konkursar. Sinne over korleis overklassepersonar hadde ført byen og distriktet ut i ulykke, naud og fortvilning hos dei arbeidslause og deira familiar, var i høg grad årsak til tilstrøyminga av medlemmer til Samhold. Etter nyttår 1887 ser vi difor ei radikalisering av Samhold. Kvinner skulle nå i større grad vere med i Samhold. I tillegg til sjømannskonene kom nye kvinnegrupper med i organisasjonen. Samhold ville vere med og kaste lys over deira situasjon. Samhold inviterte til dømes kvinner spesielt til eit møte 7. februar. I følge eit avisreferat møtte ca. 60 kvinner. Langt fleire kom med seinare.

Våren og sommaren 1887 var Samhold aktiv på mange område. Samhold byrja å gi ut avis, organisasjonen starta handelslag, og ikkje minst: Samhold kjempa gjennom streik mot arbeidsgjevarar som slo ned lønna til arbeidsfolk. Tilstrøyminga til Samholdslaga akselererte, og rundt 1. august hadde dei ca 3500 medlemmer.


Nytt parti

Samhold hadde frå første dag hatt intensjon om å skipe eit landsomfattande parti for arbeidsfolk. Først i august sende Samhold ut invitasjon til arbeidarlag i dei største byane. Invitasjonen galdt ikkje mindre enn å skipe eit nytt parti.

21. august møtte 29 utsendingar på losjehuset i Ormetjern. To kom frå Christiansand, ein frå Bergen, og frå Kristiania åtte. Samholdslaga stilte med 18 representantar. Ingen av utsendingane var kvinner.

22. august var røysterett debatttema. Carl Jeppesen ville ha røysterett for alle. Karl Fostvedt presiserte at allmenn røysterett skulle vere både for kvinner og menn. Forslaget til Fostvedt gjekk samrøystes gjennom. Samholdsrepresentantane utgjorde eit stort fleital i møtet, og dei hadde positiv erfaring med kvinners innsats i den lokale krisa.

I alle fall: Det nye partiet var med dette vedtaket det første politiske partiet som gjekk inn for allmenn røysterett for kvinner her i landet. Dei 29 utsendingane var også den første politiske forsamlinga som gjekk




Resolusjon nummer 2 og 6 syner at
kvinnespørsmål sto sentralt då «Det
forenede norske Arbeiderparti» blei skipa.
Den vestlandske Tidende 27. august 1887

Til høyre: Kopi av forhandlingsprotokollen for «Det forenede norske Arbeiderparti». På møte i Arendal den 11. desember 1887 vedtok styret ein resolusjon om røysterett for kvinner. Resolusjonen var adressert til, og blei sendt til, Stortinget.
Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv, Oslo

inn for at kvinner skulle ha røysterett. I samtida fekk ikkje vedtaket stor merksemd. Men det nyvalde styret i «Det forenede norske Arbeiderparti» let ikkje saka ligge. 11. desember 1887 vedtok styret ein resolusjon om røysterett for kvinner. Resolusjonen var adressert til, og blei sendt til, Stortinget.

Alt i slutten av mai 1888 henta Jeppesen styreprotokollane til partiet og tok dei med til Kristiania. I Kristiania var det andre kvinnegrupper som stod fram i kampen for røysterett.



Artikkelen bygger på forfatteren Johs. G. Torstveits bok: *Storsvindel, bankkrakk og nytt politisk parti. Arendal 1886-88*. Arendals Tidende forlag, Arendal 2012.

Sammkalt: ~~Lovning~~ Lovningen et lidet Præge
bidrag, som Loven, for det første indstille der
maatte indkomme Peng. fra ^{de Lovg.} der har stillet
sig til Arbeidspartiet.

Af Bestyrelsen & Medlemmer var 4 samt Kassen
Tilstede der var villig til at paatage sig Pænt.
samt stille den forlangte Garanti.

Mødet hævet

And. Andersen & Haller, A. Nielsen
A. Nielsen

Aar 1887 den 11^e Decbr afholdtes Højs
Bestyrelsen for det for. norske Arbeidsparti
til Behandling foretog følgende Sager:

1. Angående Indsendelse af Resolutionerne til
Rejsningen. Resultatet: Sekretøren har snarst
muligt at indsende Resolutionerne om Normal-
arbejdsdag, 2) om direkte Valg og Valg paa en Fm-
dag 3) om Kvindens Stemmeret, samt Arbeids-
partiets Program til Rejsningen.

2) Valg af Kasserer, da Chr. Johansen i Ski-
vde af 5^e og 8^e har indskrevet sig for at staa
som Kasserer. - Resultatet, at udvælge Valgt
til næste Høstingsmøde.

3) Angående Indsættelse fra de tilsluttede Foreninger
samt Indmeldelseskontingenten. Resultatet, at tilskrive
Foreningene desangående.

4) Angående Forslag til Skattebetalt om ^{Arbejds}skattebetalt
af Told paa Høvedsindtægter, og ^{Arbejds}indførelse af
Arbejdsbetalt, Skat paa indtægt Jord og direkte Skat.
Resultatet, at Hr. A. Andersen, A. Nielsen og
Ax. H. Hansen skulde udarbejde saadant Forslag
og forelægge Høstingen næste Tirsdag 20^e Dec, hvor
de de videre Foranstaltninger i Anledning heraf bestemmes.
Mødet hævet.

And. Andersen A. Nielsen A. Nielsen
A. Nielsen A. Nielsen